

Nordhordland Utviklingsselskap IKS – Budsjettføresetnader 2020 og kommentarar

Generelt

I budsjettet for 2020 er den generelle kontingenten til NUI auka med 2,5 %. Det er budsjettert med at det må nyttast om lag 82.000 frå disposisjonsfondet for å få prosjekt 1 til å gå i balanse.

Lindås, Meland og Radøy vert til Alver kommune frå og med 2020, det gjer at tal kommunar som er med i NUI vert redusert til 7. NUI sin basis kontingent er finansiert av kommunane ut i frå folketalet, for mange av dei andre prosjekta er det ein fast sum pr kommune og resten er fordelt etter folketal. NUI sin basis kontingent er foreslått finansiert ut i frå folketal også i 2020 og at det for dei prosjekta som har ein fast sum pr kommune så er hovudregelen at Alver kommune vert rekna som 2 kommunar. I løpet av 2020 skal finansieringsordninga vurderast slik at det vert nye fordelingsnøklar for 2021.

Det er usikkerheit knytt til dei eksterne inntektene som er budsjettert til dei ulike prosjekta. Dette skuldast at me ikkje veit kor mykje prosjektstøtte me vil få frå ulike søknadssteder. Uavhengig om me får ekstern finansiering frå desse prosjekta, så er dette prosjekt som regionen ønskjer skal gjennomførast.

Me foreslår difor at ein gjev ei generell løyve til å nytte inntil 1 mill. kr frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert.

Det vil også kunne vere aktuelt å søke om prosjektinntekter for å finansiere eksisterande eller nye prosjekt. Den auken i eksterne inntekter vil kunne gi ein tilsvarande auke i kostnadane, men det skal ikkje føre til auka kostnadar for kommunane.

Det er budsjettert med 9,8 årsverk og om lag 3 % løns- og prisauke. Auken i årsverk er innanfor IKT og driftsleiar for Region Nordhordland Helsehus som vert tilsett i NUI.

Pensjonskostnadane er usikre. Budsjettet tek utgangspunkt i prognosen frå KLP. Me samlar alle lønnskostnadane og faste kostnadar som er knytt til husleige, IKT, telefoner m.v. på prosjekt 1, med unntak av prosjekt 4 IKT og 25 Region Nordhordland Helsehus der er vert lønnskostnadane inkludert pensjon og arbeidsgjevaravgift belasta direkte på prosjektet. Kostnadane vert så fordelt på dei ulike prosjekta med å bruke artane 12900 – interne kostnadar / 17900 – interne inntekter.

Direkte kostnadar som kurs, opplæring, kontingentar, reise m.v. vert ført direkte på kvart einskild prosjekt.

Kostnadane til husleige aukar i 2020 meir ein forventta vanleg på grunn av ombygging av leigearaet.

Kommentar til nokre av prosjekta

(Det er nytta avrunda tal i kommentarane)

1 – Administrasjon – drifta av Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Inntekter

- Medlemskontingent kommunane – aukar med kr 102.000,- - til kr 4.200.000,-
- Kommunane sin kontingent fylkeskommunen etablerarteneste og Invest in Bergen – kr 315.000,-
- Kompetanseprosjektet – kr 415.000,- - aukar med kr 10.000,-
- Reiseliv – kommunane i Nordhordland vert medlem i Bergen Reiselivslag og innkrevjinga av kontingent skjer via NUI – kr 856.000,- - uendra.
- Kontingent fylkeskommunen, kompetanseprosjektet og Reiseliv har ein tilsvarande kostnadspost hos NUI.
- Interne inntekter – i og med at NUI administrer ein del prosjekt og gjer ein jobb for desse så må NUI ha betalt for dette. (sjå forklaringa under generelt)
- Budsjettet med eit underskot på om lag 82.000 som vert dekkja av disposisjonsfondet

4 – IKT digitalisering og innovasjon

Det er ein auke på kr 3.160.000,-. Den store auken skuldast at det frå og med 2020 så er kommunane Gulen, Austevoll og Samnanger med i samarbeidet, det gjelder også på IKT drift. IKT drift har hatt kapasitet til å ta i mot fleire kommunar utan tilsvarande auke i kostnadane. Det har vore semje om at den reduksjon i kostnadane til drift skulle nyttast til å satse på IKT digitalisering og innovasjon.

Kommunane er einige om at den satsinga er naudsynt for å få til ei rasjonell drift framover. På grunn av utvidinga gir det rom for auka satsing utan at kommunane må auke sitt bidrag vesentleg når ein ser IKT drift og IKT digitalisering og innovasjon i samanheng.

Fordelingsnøkkelen er endra for 2020 som følgje av «Alver effekten» og utviding av tal kommunar som er med i IKT samarbeidet. Den faste delen er endra frå 33 % til 27,4 %

8 – Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland

Prosjektet har vore i startgropa sidan 2016. Det vart 22. august i 2017 gjennomført eit vellukka oppstartseminar med informasjon frå styresmakter og andre. Men etter dette har det stoppa opp pga. at Alver-kommunane ikkje har hatt høve til å setje av ressursar til å følgje opp prosjektet med ein kontaktperson frå planavdelinga. Arbeidet med ein kartleggingsprosess har no starta opp. Det vil bli følgt opp i 2020. Presset på sjøareala vil sannsynlegvis bli større framover, me trur det difor vil vere viktig å få til ein god plan for sjøareala på tvers av kommunegrensene.

Inntekter

- Har fått totalt 1,1 mill. kr til prosjektet i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen er igjen om lag 850.000 01.01.20

Kostnader

- Det er lagt inn eksterne kostnader på 0,7 mill kr og 0,15 mill kr i interne kostnader.

9 – sekretariat kontrollutvala

Inntekter

- Budsjettert med kr 530.000,- i inntekt frå kommunane, det er ein reduksjon på kr 140.000 fordi Meland, Lindås og Radøy vert til Alver kommune. Vert fordelt med kr 60.000 som ein fast sats pr. kommune og resten etter folketal. For 2020 betaler alle kommunane litt mindre enn i 2019.
- For å kompensere for inntektsbortfallet er har NUI deltatt i anbod om å vere sekretariat for Voss kommune sitt kontrollutval og fått det frå og med 2020.

Kostnader

- Det er tenkt å nytte om lag 0,6 årsverk og eit lite underskott på kr 10.000,- som vert dekka frå fondet.

25 – Region Nordhordland Helsehus (RNH)

Administrasjon og byggherre er tilsett i NUI. Frå 1. mars vil driftsleiar for RNH vere tilsett i 100 % stilling, den kostnaden vert belasta direkte på prosjektet. I tillegg vil NUI bruke om lag 1 årsverk på RNH. Året 2020 vil bli eit viktig år med oppfølging av byggeprosjektet. Bygget skal stå ferdig på slutten av 2020 og leigetakarane flytar inn i starten av 2021. Det er rekna med om lag totalt kr 1.553.000 i kostnader som vert finansiert av RNH.

32 – Biosfære

Inntekter

- Det er budsjettert med kr 676.000 frå kommunane, det er inkludert Øygarden og Vaksdal. Det er budsjettert med 500.000 i inntekter frå andre, for å få desse inntektene må det jobbast opp i mot Universitetet, Hordaland fylkeskommune, Klima og Miljødepartementet og næringslivet.

Kostnader

- Den interne ressursbruken er satt til kr 725.500,- og andre kostnader til 450.000,-.

Nordhordland Biosfæreområde har no fått godkjenning som Unesco biosfæreområde og det trengst difor større økonomiske musklar. Dette må det jobbast med i 2020. Budsjetteringa er derfor veldig usikker, men uansett må utgiftene stå i forhold til inntektene.

Andre prosjekt

- Randkommune – uendra beløp 25.000 kr pr kommune – for 2020 så vil også Austevoll og Samnanger delta. Endeleg beløp må avklarast når nivå på aktivitet er klarlagt.
- Smaken av Nordhordland – kr 13.000,- pr kommune

Knarvik, 14. november 2019



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Budsjett 2020

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

e-post: post@nordhordland.net / www.nordhordland.net